

Årsmøtebok for Bondeungdomslaget i Oslo 20. mars 2024 kl. 18–21

1) Opning med konstituering

Lagsleiar Terje Svindseth opna årsmøtet. Innkallinga var send ut ein månad på førehand. Svindseth nemnde nokre avlidne lagsfolk, og møtelyden mintest dei med å halda stilt eitt minutt. Svindseth kunne òg melda om nokre barnefødslar. Han gjorde framlegg om Åsta Bjerkestrand og Rune Stenersen til ordstyrarar. Dei vart samråystes valde. Ordstyrarane gjorde framlegg om Håvard Tangen til møteskrivar, og han vart samråystes vald. Vigdis Rønning og Hilde Osnes vart samråystes valde til teljekorps. Til underskrivarar av møteboka vart Olav Kårevik og Bård Winther Knudsen samråystes valde. Innkallinga vart samråystes godkjend. Olav Kårevik gjorde framlegg om å flytta sak 9: Honorar fram til etter sak 3: Rekneskap for 2023. Dette vart samråystes vedteke.

Det var 37 røysteføre medlemer i salen. Ein freista få til saman 40 medlemer, slik at lovsakene kunne førehavast. Det vart vedteke å taka opp lovsakene når det var nok medlemer i salen. Ein oppmoda folk om å skriva seg på listeaval av utsendingar til ymse årsmøte.

Møtedeltakrarar: Bård Winther Knudsen, Terje Svindseth, Anne Cathrine Johansen, Mari Elise Haugen, Astrid Marie Grov, Åsta Bjerkestrand, Mari Lundevall, Torbjørn Bergwitz Lauen, Arne Nordvi, Rune Stenersen, Endre Flatmo, Anne Amalie Dalaker, Karianne Johansen, Henri Aasen, Synnøve Bryde, Tormod Bønes, Håvard Tangen, Elise Birgitte H. Thomassen, Gunnvald Grønvik, Bjørn Nilsen, Olaf Almenningen, Olav Kårevik, Vigdis Rønning, Marius Ødegård, Rune Bergwitz, Håvard Thorsby, Olav-Johan Øye, Sveinung Helgheim, Maria Ellingsen Austbø, Maissenç Pierre Bennour-Ferrari, Hilde Osnes.

Til stades delar av møtet: Kikki Aardalsbakke, Synnøve Berstad, Anna Fridtun Aarekol, Gro Strand Griffin, Ane Magrete Valseth, Øystein Krogstie, Hallvard Øfstaaas, Anbjørg Myhra Bergwitz, Albert Lombardo, Hanna Løken, Audun Grüner-Hegge.

Til stades utan røysterett: Sigvart Eggen, Kjetil Aasen, Amanda Bergwitz Grüner-Hegge, Kari Velure.

2) Årsmeldingar for 2023

Svindseth presenterte årsmeldinga for hovudlaget.

Torbjørn Bergwitz Lauen la fram årsmeldinga for Leikarringen.

Karianne Johansen gjorde greie for årsmeldinga for Songlaget.

Endre Flatmo orienterte om årsmeldinga for Teaterlaget.

Hilde Osnes la fram årsmeldinga for Idrottslaget.

Rune Bergwitz fortalte frå årsmeldinga til Bondehytta.

Tormod Bønes greidde ut om årsmeldinga til Røkleivhytta.

Olav-Johan Øye presenterte årsmeldinga til målnemnda.

Ingen ville presentera årsmeldinga til rådet.

Årsmeldinga frå hovudlaget vart samrøystes vedteken.

3) Rekneskap for 2023

Svindseth la fram rekneskapen til hovudlaget.

Spørsmål og svar: Tangen, Kårevik, Gunnvald Grønvik, Svindseth.

Rekneskapen vart samrøystes vedteken.

9) Honorar til lagsstyret

Svindseth presenterte saka. Framlegget var 25 000 kr til leiar, 10 000 kr til nestleiar, 500 kr for fysiske og 250 kr for digitale styremøte til andre i styret.

Ordsdifte: Kårevik, Flatmo, Arne Nordvi, Tangen, Bjørn Nilsen.

Kårevik hadde dette framlegget: Første setning som den står. ... styremedlemmer og møtande varamedlemmer får 500 kroner for kvart fysisk styremøte.

Det kom òg framlegg om at ordninga skulle gjelda frå 2023.

Vedtak: Framlegget om honorar frå 2023 vart vedteke mot 1 røyst.

Framlegget frå Kårevik vart vedteke med stort fleirtal.

4) Aktuelle saker

Lauen presenterte prosjektet med oppussing av foajéen til Nynorskens hus.

Mari Elise Haugen fortalte om alle tilskipingane i jubileumsåret åt Bondeungdomslaget i Oslo (125 år).

Svindseth heldt ei tale med oppsummering av styrearbeidet sitt i mange år.

10) Endring av lov og styringsføresegn

a) Endring av lov og styringsføresegn fremja av styret

Svindseth la fram saka på vegner av styret.

Spørsmål og svar: Tangen, Kårevik, Svindseth.

Røysting og vedtak:

Endring av § 16: Vedteken mot 1 røyst. I ettertid har det vist seg at dette vedtaket ikkje var gyldig.

Endring av § 3: Samrøystes vedteken.

Endring av § 5: Samrøystes vedteken.

Endring av § 8: Samrøystes vedteken.

Endring av § 11: Samrøystes vedteken.

Endring av § 18: Nytt framlegg frå Kårevik: Rekneskapen til konsernet Bondeungdomslaget i Oslo blir vedteken av styret og godkjent av årsmøte i laget. Framlegget frå Kårevik vart samrøystes vedteke.

Anne Cathrine Johansen takka Svindseth for lang teneste for laget og overrekte gåve. Flatmo takka òg og overrekte gåve til Svindseth.

Det vart eitt kvarters pause.

10) Endring av lov og styringsføresegn (framhald)

b) Innsende lovendringssaker

Lauen presenterte framlegget om endring av § 5 frå Lauen, Svindseth og Flatmo.

Ordskifte: Øye, Johansen, Flatmo, Stenersen, Lauen, Svindseth.

Røysting og vedtak: Framlegget fekk 18 røyster, 16 imot. Sidan det var krav om 2/3-fleirtal, fall framlegget.

Røysting om endring av § 7 i styringsføresegnene: Vedteke mot 2 røyster.

5) Langtidsplan 2024–2028

Johansen la fram langtidsplanen. Ingen bad om ordet. Planen vart samrøystes vedteken.

6) Handlingsplan for 2024

Mari Lundevall gjorde greie for saka. Ingen bad om ordet. Planen vart samrøystes vedteken.

7) Medlemspengar for 2025

Lundevall la fram saka. Ingen bad om ordet. Årsmøtet vedtok innstillinga frå styret om å ikkje endra medlemspengane.

8) Budsjett for 2024

Astrid Marie Grov greidde ut om saka.

Spørsmål og svar: Kårevik, Stenersen, Bønes, Grov.

Framlegget vart samråystes vedteke.

11) Val til styre, nemnder og råd

Maissenç Pierre Bennour-Ferrari frå valnemnda gjorde greie for framlegget til ombod.

Astrid Marie Grov vart samråystes vald til leiar.

Til nestleiar vart Anne Cathrine Johansen samråystes vald.

Mari Lundevall og Kjetil Aasen vart samråystes valde til nye styremedlemer.

Sigvert Hansen Eggen vart samråystes vald til ny styremedlem (supplering).

Audun Grüner-Hegge, Steiner Hernes og Ivan Kristoffer Nilsen vart samråystes valde til varamedlemer til styret.

Til bunadnemnd vart Sigrid Kjøbli, Åse Holen og Anne Cathrine Johansen samråystes valde.

Til styre for Bondehytta vart leiar Rune Bergwitz og styremedlem Klas Ekeland båe samråystes attvalde medan styremedlem Anne Cathrine Johansen ikkje var på val i år.

Til styre for Røkleivhytta vart leiar Tormod Bønes attvald for eitt år, Olaf Almenningen attvald for to år og Vigdis Rønning for eitt år, alt samråystes. Sveinung Helgheim var ikkje på val.

Til målnemnd vart Marie Nicolaisen, Olav-Johan Øye og Håvard Tangen samråystes attvalde for eitt år.

I rådet vart rådsordførar Kari Bjørke attvald for eitt år, Sveinung Lindaas for to år, Sveinung Helgheim for to år, Vivian Brattsti Sørensen for to år, alt samråystes. Dei andre rådsmedlemene (Vidar Lund, Vigdis Rønning, Elise Haugsten og Karianne Johansen) var ikkje på val denne gongen. Magnhild Kaasin og Håvard Thorsby vart valde høvesvis til fyrste og andre varamedlem.

12) Val av utsendingar

Det vart halde listeaval.

Utsendingar til landsmøtet i Noregs Ungdomslag: Ingen hadde meldt seg til dette listeavale. Styret fullmakt til å peika ut delegatar.

Utsending til landsmøtet i Noregs Mållag: Fredrik Hope vart samråystes vald.

Utsendingar til årsmøtet i Det Norske Teatret: Olav Kårevik, Terje Svindseth, Vigdis Rønning, Vivian Brattsti Sørensen, Kari Aniksdal, Kari Bjørke, Anne Cathrine Johansen, Rune Bergwitz og Astrid Marie Grov vart samråystes valde.

Utsendingar til generalforsamlinga i Dag og Tid: Terje Svindseth, Vigdis Rønning og Håvard Tangen vart samrøystes valde.

13) Avslutting

Den nyvalde leiaren Astrid Marie Grov takka for frammøtet. Ho takka òg Svindseth, Grønvik og Øye som no gjekk ut or lagsstyret etter mange års teneste. Dei fekk blomar. Grønvik heldt ei stutt takketale. Blomar fekk òg ordstyrarane og møteskrivaren.



Håvard Tangen
møteskrivar


Olav Kårevik (10. apr. 2024 16:21 GMT+2)

Olav Kårevik



Bård Winther Knudsen

underskrivarar av møteboka